

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Helleland

Emne: Beit og brom.

Bygdelag: Helleland

Oppskr. av: Th. Hovland

Gard: Hovland

(adresse): Helleland

G.nr. 30 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Beit og brom har vore nytta og nyttas til dels endå, men ikkje mykje. Det har helst vore rekna som eit simpelt for, og bruken av det hadde som ein snev av armodsdom over seg. Ein kalla foret beit og det var bare björk som nyttas til dette.
2. Ein kallar det å henta beit og det vert kjörd på vanleg slede.
3. Det vanlege er at ein nyttar kvistene av den heimköyrde vinterveden.
4. ~~xintervædenx~~ Til å hogga av kvistene nyttar ein anten ein vanleg sigd eller ein lauvkniv. . Lauvkniven er er breidare og tyngre enn en vanleg sigd og eggen er rett med ein liten spiss som böygjer nedover.
5. Helst kjerne, stundom sauene. Dei får foret som det er.
6. Ein dreg fram or veddungen greinane med det finaste riset, högg kvistene i ein dunge og ber dei åt dyra. Dei vert vanleg ikkje slepte bort til beikosten.
7. Langfredagshenting og brjoting av beit med henderne på fastande hjarta har eg ikkje hmyrt gjete.